

Tap for Rosendal/Trio damene

04.06.2018



Arkivbilete

**Rosendal/Trio (R/T) damene hadde sundag heimekamp på Rosendal stadion, motstandar var serieleiar Årstad. R/T jobba med stor vilje og kjempa godt gjennom heile kampen men lukkast ikkje å setje ballen i mål. Årstad var heldige og fekk eit mål på tampen i 1. omgang og ei rask scoring i 2. omgang. Etter 71 min sette Årstad nok ein gong ballen i mål til sluttresultat 0-3.**

R/T styrer det meste i første omgang, men klarar dessverre ikkje å laga mål. Som så mange gonger før får R/T eit mål i mot som er mot spelet gong som det vert sakt på «fagspråket». Årstad klarer å score i siste speleminutt i første omgang, utruleg uheldig tidspunkt å få ein i mot.

Andre omgang startar og Årstad kjem på eit gjennomspel og frå sidelinja ser ein tydleg at ein Årstad spelar er offside, men dette lar dommaren passera og stillinga er 0-2 til Årstad. R/T får nok ei scoring i mot på eit uheldig tidspunkt i kampen. Etter 71 min får Årstad nok ei scoring og sluttresultatet vart 0-3.

Trenar Tor Gundersen meina R/T gjer mykje bra, styrer det meste i første og jobbar godt i andre omgang, men laget klarar dessverre ikkje å laga mål. Damene/jentene gir alt og litt til i kampen utan å få uttelling for dette. R/T går av bana med 0-3 i sekken, noko som på ingen måte reflekterer kampbilete. Det er klart at dei 2 første måla kom på svært uheldige tidspunkt. Trist at laget på ny opplever å styre mykje av det som skjer på bana, men lukkast ikkje å setje ballen i mål.

Målvakt i denne kampen var Thea Aronsen, Thea held R/T inne i kampen med fleire gode redningar på 100% sjansar for Årstad. Stor takk til Emilie Kaldestad Ersland og Lise C. Sætrevik som stilte på kort varsel og kjempa med «nebb og Klør» gjennom kampen. Trenar Gundersen håper jentene vil være med damelaget framover. Marte Bøyum (født 2002) debuterer i midtforsvaret til R/T i dag og ho løyser oppgåva på ein særskilt god måte til å være debutant på dame a-laget.

Med 1 siger, 6 tap og 3 poeng så lang i sesongen, kan det virke som om R/T er inne i ein vond sirkel. R/T har heilt klart ikkje marginane på si side, damene jobbar godt og står på men får ikkje betalt i høve til innsatsen som blir lagt ned. Trenar Gundersen har god tru på at damene skal klara å snu utviklinga.

Neste oppsette kamp mot Fana 2 var satt opp neste helg, denne er utsett til hausten. Neste kamp for damene vert 17. juni kl 16:00 på Rosendal stadion, motstandar er Bjarg. Dette blir siste kamp før sommarferien. Alle er hjarteleg velkomne på Rosendal stadion for å heia på damene.

Tekst: Tor Gundersen / Hans Ordin Østebø

Foto: Tor Gundersen

Nett: Hans Ordin Østebø